



Statsforvalteren i Trøndelag

Tröndelagen Staatehaaltoje

Rapport etter forvaltningskontroll

| | |
|-------------------------|---|
| Kontrollert kommune: | Heim kommune |
| Dato rapport: | 22.04.2026 |
| Kontrolleiar: | Ingrid Reiersen |
| Gjennomført av: | Ingrid Reiersen |
| Kontrollerte ordningar: | Tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) - kommunale retningslinjer |

1 Samandrag

Rapporten er skriva med bakgrunn i Statsforvaltaren sin foreløpige rapport datert 09.03.2026. og Rapporten skildrar dei funn (avvik og merknadar) som vart avdekka. I Heim kommune vart det konstatert to avvik og ein merknad.

2 Generelt om kommunen

Tabellen under syner kor mykje midlar Heim kommune forvalta på dei tilskotsordningane kommunen hadde fått delegert myndigheit frå staten i 2025:

| Tilskotsordning | | Beløp (kr) | Antal vedtak |
|--|-----------|-------------------|--------------|
| Produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket | Utbetalt | 80 349 362 | 153 |
| Tilskudd til avløsning ved sykdom mm | Utbetalt | 304 234 | 12 |
| Skogfond *) | Utbetalt | 2 249 556 | 94 |
| Tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)-Skogkultur | Utbetalt | 559 880 | 92 |
| Tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)-veg | Utbetalt | 1 574 400 | 2 |
| Tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)-drift | Utbetalt | 16 358 | 2 |
| Tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) | Innvilget | 962 804 | 10 |
| Tilskudd til regionale miljøprogram (RMP) | Utbetalt | 1 507 489 | 54 |
| Tilskudd til drenering av jordbruksjord | Innvilget | 299 302 | 19 |
| Tilskudd til tiltak i beiteområder - planleggings- og tilretteleggingstiltak | Innvilget | 40 000 | 2 |
| Tilskudd til utvalgte kulturlandskap i jordbruket (UKL) | Innvilget | 0 | 0 |
| SUM | | 87 863 385 | 440 |

*) Berre til skogkultur. I tillegg kjem skogfond til vegar og andre føremål.

3 Heimel for kontrollen

Heimel for kontroll er Reglement for økonomistyring i staten § 15:

«Overordnede virksomheter skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14». § 14 inneheld bestemningar om internkontroll.

Kontrolloppgåvene er gitt til Statsforvaltaren i tildelingsbrev og hovudinstruksen frå Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Statsforvaltaren skal føre kontroll med om kommunane si tilskotsforvaltning er i samsvar med krava i Reglement for økonomistyring § 15. Dette inneber at me skal kontrollere om kommunen i sin tilskotsforvaltning på landbruksområdet har etablert system for god styring og kontroll, som trygger at tilskotsordningane vert forvalta i samsvar med gjeldande landbrukspolitikk, og i samsvar med gjeldande lover og reglar.

4 Grunnlag for kontrollen

Statsforvaltaren er gjennom hovudinstruksen og tildelingsbrev bedt om å vektlegge kontroll for å trygge kvalitetsmessig god tilskuddsforvaltning. Utvelginga av kontrollobjekt er risikobasert. Samstundes står det i tildelingsbrevet at Statsforvaltaren skal ha forvaltningskontroll i 20 % av kommunene kvart år.

Målet med kontrollen er å ivareta at midlane over jordbruksavtalen nyttast til det førmål dei er tiltenkt gjennom ein målretta og effektiv forvaltning. Kontrollen skal vidare sikre at lover og reglar vert overheldt, og at rettstryggleiken til søkjar vert ivareteke.

5 Gjennomføring av kontrollen

Varsel om kontroll vart gitt i brev av 07.07.2025.

Statsforvaltaren har gjennomgått dei kommunale retningslinjene og rutinene for tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket. Me har i kontrollen fokusert på om dei kommunale retningslinjene og tiltaka er i samsvar med føremålsparagrafen i forskrifta. Statsforvaltaren varsla at me ville sjå på om kommunen har prioritert tiltak ut frå lokale behov, dette har ikkje blitt prioritert i kontrollen på grunn av kapasitetsutfordringar. Statsforvaltaren har undersøkt om kommunen har rutiner på området, men me har ikkje vurdert innhaldet i rutinen.

Kommunen fekk oversendt ein foreløpig rapport den 12.03.2026. Denne ligg til grunn for endeleg rapport.

6 Kontrollområde

Tabellen, som følgjer på dei neste sidene, gir ei oversikt over dei avvik og merknadar som vart avdekka under kontrollen:

Avvik er mangel på oppfylling av krav til forvaltninga av ordninga som er fastsett i eller i tråd med

- reglement for økonomistyring i staten
- styrande dokument
- regelverket og/eller retningslinjer for ordninga

Merknad er forhold som ikkje strid med krav, men der statsforvalteren finn grunn til å peike på behov for forbetringar.

| | |
|---|---|
| Avvik og merknadar som vart avdekka under kontrollen: | |
| Tilskotsordning: Tilskudd til spesielle miljøtilskudd i jordbruket | |
| Avvik 1 | <u>Kommunen manglar eit heilskapleg system for internkontroll for SMIL</u> |

| | |
|---------------------------|--|
| | <p>Kommunen har i samband med kontrollen ikkje sendt inn sakshandsamingsrutiner for kommunen si forvaltning av SMIL.</p> <p>Internkontroll skal tilpassast verksemda sin risiko, vesentlegheit og eigenart. Arbeid med internkontroll skal vere eit løpande arbeid og ein del av den daglige drift. Inn i arbeid med internkontroll vil det normalt inngå ROS-analyser, rutineskildringar, rutiner for implementering, dokumentasjon, oppfølging, rapportering og oppdatering.</p> <p>Ut ifrå at me ikkje har motteke nokon dokumentasjon på internkontroll på ordninga meiner Statsforvaltaren at Heim kommune sitt system for internkontroll på SMIL er ufullstendig og mangelfullt.</p> |
| Avvik frå | Reglement for økonomistyring i staten §14 |
| Frist for å lukke avviket | Klart til søknadsomgangen 2027 |
| Kommentar | <p>Heim kommune bør prioritere arbeidet med å utvikle kommunen sitt system for internkontroll på landbruksområdet.</p> <p>I ei rutine på SMIL, vil det vere naturleg å skildre t.d. prosessen med utarbeiding av lokale retningslinjer, rutiner for utlysing av tilskot og andre forhold som ikkje framgår av forskrifta og som kommunen må ta stilling til i si sakshandsaming.</p> |
| Avvik 2 | <u>Tiltak under feil tiltakskategori</u> |
| Avvik frå | <p>Dekke av gjødselkum står som tiltak under avrenning til vatn.</p> <p>Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket § 1. Formål: <i>«Formålet med tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensningen fra jordbruket, utover det som kan forventes gjennom vanlig jordbruksdrift. Prosjektene og tiltakene skal prioriteres ut fra lokale målsettinger og strategier.»</i></p> <p>Rundskriv 2021/18: <i>«Tiltak for å redusere forurensning skal redusere tap eller risiko for tap av næringsstoffer, partikler og andre forurensende utslipp til jord, vann eller luft fra jordbruksarealer, fôr eller gjødsel. Tiltak som bidrar til å redusere forurensning kan også bidra til bedre agronomisk driftspraksis og tilpasning til klimaendringer.»</i></p> <p>Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket § 5. Tilskudd til kulturlandskapstiltak og forurensningstiltak: <i>«Det kan innvilges tilskudd til gjennomføring av tiltak som ivaretar natur- og kulturminneverdiene i kulturlandskapet. Det kan også innvilges tilskudd til gjennomføring av tiltak som bidrar til å hindre eller redusere forurensning eller risikoen for forurensning fra jordbruket. [...]»</i></p> <p>Rundskriv 2021/18: <i>«Det kan gis engangstilskudd til etablering av dekke over eksisterende gjødsellager. Etablering av dekke demper utslipp til luft, særlig av ammoniakk. Mange typer dekke kan også utvide lagerkapasiteten gjennom å lede nedbør vekk fra lageret. For enkelte foretak kan tiltaket derfor også være ledd i å innfri minstekrav til lagerkapasitet, noe som faller inn under vanlig jordbruksdrift, jf. forskriften § 1, og som i så fall kan tale imot SMIL-tilskudd. Det er imidlertid vanskelig å trekke en slik kategorisk grense. Det avgjørende i søknadsbehandlingen må uansett være at tiltaket forebygger utslipp til luft. Det kan samtidig telle positivt om dekket bidrar til å styrke lagerkapasiteten, bl.a. fordi det kan sikre at foretaket vil holde løsningen ved like.»</i></p> |

| | |
|---------------------------|---|
| | <i>Det finnes ulike løsningsalternativer for å dekke på gjødsellager som har ulike kostnader. Det er et krav for å gi tilskudd at det nyttes en løsning av varig karakter tilpasset det aktuelle lageret.»</i> |
| Frist for å lukke avviket | Klart til søknadsomgangen 2027 |
| Kommentar | Dekke av gjødselkum er eit tiltak som skal redusere utslipp til luft. Kommunen skal ikkje gje tilskot til dekke over gjødselkum dersom det er eit ledd i å innfri krava til kapasitet til gjødsellagring, då dette går under det ein kan forvente av vanleg jordbruksproduksjon. Dersom tett dekke over gjødselkum skal vere eit tiltak må det vere eit tiltak under tiltakskategori luft. |
| Merknad 1 | Utarbeiding av retningslinjer Kommunen skriv at retningslinjene er utarbeidd av landbruksforvaltninga i samarbeidskommunane og at desse leggast fram som ei referatsak i fagutval eller komitear for kvar enkelt kommune. Me vil presisere at forskrifta § 8 seier at retningslinjene skal fastsetjast i dialog med næringsorganisasjonane lokalt. Før dei vedtekast skal næringsorganisasjonane ha hatt mogelegheit til å gje innspel. |